



Statens vegvesen

John Kåre Fløysand
Rosslandsvegen 1072
5918 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2014/079596-003

Dykkar referanse:

Vår dato:
08.09.2014

Vedrørende søknad om utvida bruk av avkøyrsløse - gnr. 5 bnr. 10 - Fløksand - Meland kommune

Vi viser til søknad motteken 25.06.2014. Vi orsakar lang sakshandsamingstid.

Før Statens vegvesen handsamar søknader etter veglova skal tiltak som er omsøkt vere avklara etter plan- og bygningslova. Området der det er søkt om hytte er vist som område for landbruk, natur og friluftsliv (LNF) i kommuneplanens arealdel. Fritidsbustad fell ikkje innanfor LNF-formålet. Det er kommunen som planstyresmakt som avklarar ein eventuell dispensasjon frå LNF-formålet.

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. Vi har også klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ein førehandsuttale i denne saka.

Førehandsuttale:

Saka gjeld søknad om etablering av fritidsbustad i eit LNF-område på Fløksand. Per i dag er det fleire fritidsbustader og frådelt tomter i området. Avkøyrsløsesøknaden vi har motteke gjeld søknad om utvida bruk av den første avkøyrsløse frå fv 244 Vestbygdvegen etter krysset mellom fv 564 Rosslandsvegen og fv 244.

Fylkesvegane i nærområdet har låg standard og er utan eige vegtilbod for mjuke trafikantar. Korkje kommuneplanens arealdel eller det overordna vegnettet i området legg til rette for ny utbygging her. Statens vegvesen rår til at eventuell vidare utbygging på Fløksand ikkje skjer før hovudvegen forbi området er utbetra.

Av omsyn til trafikktryggleiken og framkomelegheita på fylkesvegane rår vi frå at det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel i denne saka.


Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing



Odd Høydalsvik
sjefingeniør


Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Meland kommune (e-post)